

MØTEINNKALLING

Utval: **KOMMUNESTYRET**
Møtestad: **Tingsalen**
Møtedato: **24.09.2009** Tid: **13:00**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
36/09	09/488	Orienteringar
37/09	09/478	Nybø barnehage – renovering og utbygging
38/09	06/710	Ny 132 kV kraftleidning frå Fjærlandsfjorden til Grindsdalen – klage på vedtak om konsesjon
39/09	09/407	Krav om ny handsaming av sak nr. 20/2009 - Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger
40/09	09/408	Innbyggjarinitiativ - kommunelova §39

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 09/488

Arkiv:

Sak nr.: Utval
36/09 Kommunestyret

Møtedato
24.09.2009

TEMA:

1. **Orientering om "Organisering av lokalt reiseliv" v/ Jack Eggum og reiselivssamarbeidet Luster og Sogndal**
2. **Sentrumsplassen i Hermansverk. Status og vidare framdrift**
3. **Gml Leikanger sjukeheim – initiativ til sal og ombygging**
4. **Omstillingsprosjektet – oppfølging av KS sin tenesteanalyse.**
5. **Investeringsprosjekta "Garderobeanlegg barneskulen" og "C-fløya ungdomsskulen". Status**
6. **Kontrollutvalet,sak 12/2009, vedtak om å utsetje selskapskontroll til 2010.**
Vedl

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Nybø barnehage – renovering og utbygging

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/478

Arkiv: 614 A1

Sak nr.: Utval
37/09 Kommunestyret

Møtedato
24.09.2009

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek at dei avsette 300.000 kr til utarbeiding av statusrapport for Nybø barnehage vert brukt til oppstart av renovering av bygget.

Vidare utbygging av barnehagen vert å detaljplanlegga og lagt fram for kommunestyret som eiga sak.

Gjennom byggjeprosessen skal ein sikra at tilhøva knytt til fukt og muggsopp i bygget vert forsvarleg utbetra.

Kostnadene vert å innarbeida i økonomiplanen for 2010 - 2013.

DOKUMENT:

- Budsjet 2009.
- Notat av 03.06.09 frå styrar (vedlagt)
- Situasjonsplan M 1:200 med skisse til utbygging (vedlagt)
- Rapport frå Actum 11.04.07 vedk. luftprøvemåling i barnehagen (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

I budsjettet for 2009 er det sett av 300.000 kr til å få utarbeidd ein statusrapport for Nybø barnehage for å kunne ta ei avgjerd om bygget i framtida skal kunne brukast som barnehage. Det var føresett at det vart leigd inn ekstern konsulent til å laga rapporten.

Rapporten burde gje svar på kva bygningsmessige tiltak som burde gjennomførast for å få dei gamle lokala meir eigna til rasjonell barnehagedrift, både med omsyn til areal og funksjonalitet. Vidare burde rapporten konkludera med kva for tiltak som evt. burde setjast i verk for å redusere eller få bukt med fukt og muggsoppkader som tidlegare er påvist i kjellaren.

Etter først å ha drøfta saka i AMU (arbeidsmiljøutvalet), ba rådmannen styrar i barnehagen om å laga eit notat om kva behov barnehagen har, både for framtidig rombehov og renovering av bygget. Dette notatet syner at for å kunna driva barnehage med ein avdeling i kvar av etasjane må det fyrst og fremst gjerast noko med garderobetilhøva. I tillegg må avdelinga oppe få eigen inngang. Når det gjeld renovering er det særleg romma i først etasje dette gjeld.

Administrasjonen har vurdert kva løysingar som kan vera aktuelle ut i frå notatet til styrar.

Grovgarderobe i 1.etasje kan løysast ved eit tilbygg ved nordaustre hjørne ved inngangsdøra.

Utfordringa ligg i å finna løysingar for ny inngang og garderobar for avdelinga oppe. Her kan det tenkjast to løysingar. Den eine løysinga er å rusta opp drengestova (bygget nærast parkeringsplassen) og byggja eit nytt mellombygg ned til hovudhuset. Avstanden mellom desse to bygga er berre 2.5 meter. Golvhøgdene er òg tilnærma like. Drengestova har eit bruksareal på 35 kvm og er stor nok til både grovgarderobe og vanleg garderobe. Det andre alternativet er å riva drengestova og forlenga andre etasjen i vestfløya mot nord.

Når det gjeld fukt og muggsopp er dette først og fremst påvist i kjellar/blindkjellar. I dei resterande rom er det ikkje påvist verdiar som er unormale. I rapporten frå Actum i 2007 vart det tilrådd at ein monterte adsorpsjonsavfuktar. Denne ville halda luftfuktigheita på eit akseptabelt nivå. Vidare vart det tilrådd ei bygningsteknisk vurdering av lukka konstruksjonar i det aktuelle området med fokus på fukt- og muggsoppskader.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen meiner at vurderinga frå administrasjonen gir eit godt nok grunnlag for å kunne seia at det let seg gjera å bygga ut Nybø barnehage med dei romma som manglar og få til ein meir funksjonell barnehage og at det vert arbeidd vidare med detaljplanlegging i tråd med det som går fram av saksutgreiinga over.

Problemstillingane kring fukt i kjellaren og sikring av bærekonstruksjonane let seg òg løysa. Dette arbeidet må kunne gjennomførast parallelt med utbetring/tilbygg av garderobe i første etasje.

Rådmannen er vidare oppteken av å kunna nytta dei avsette 300.000 kr på årets budsjett til å starta opp arbeidet med renovering av romma i 1.etasjen i tråd med styraren sine prioriteringar. På grunn av at det i haust er lægre barnetal i barnehagealder er avdelinga 1.etasjen ikkje i bruk. Det høver av den grunn òg særst godt å kunna rusta opp dei tre leikeromma nede.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Ny 132 kV kraftledning frå Fjærlandsfjorden til Grindsdalen – klage på vedtak om konsesjon

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 06/710

Arkiv: S10

Sak nr.: Utval
38/09 Kommunestyret

Møtedato
24.09.2009

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre klagar på NVE sitt vedtak av 29.06.09 om konsesjon til Sognekraft AS for bygging av ny 132 kV kraftledning frå Fjærlandsfjorden til Grindsdalen.

Leikanger kommunestyre syner til sine tidlegare fråsegner i saka og kan ikkje godta at den mest unike villmarka i kommunen totalt vil verta dominert og endra av denne kraftlinja. Verdien av dette området vil auka i framtida, og kan ikkje verta ofra på grunn av ein økonomisk gevinst frå ei avgrensa kraftutbygging.

Teknologien kring kraftoverføring er under stadig utvikling og det vil vera eit stort feilgrep å byggja denne linja når ein kan føra krafta frå utbyggingane langs Fjærlandsfjorden fram til hovudnettet på anna måte.

I staden for den konsesjongitte kraftlinja finn kommunestyret det trass alt betre om linja vert lagt i jordkabel på den delen av strekninga som går gejjom ope fjellandskap.

DOKUMENT:

- Brev av 29.06.09 frå NVE med melding om konsesjon (vedlagt)
- Anleggskonsesjon av 29.06.09 (vedlagt)
- K-sak 55 /06
- K-sak11/08

SAKSUTGREIING:

Kommunestyret gjorde i sak 55/06 dette vedtaket med 16 mot 1 røyst:

Leikanger kommune går imot bygging av kraftlinje frå Fjærlandsfjorden gjennom Grindsdalen ned til Grinde.

Leikanger kommune meiner tiltaket forringar ein altfor stor del av den kvalifiserte villmarka i Leikanger kommune. Omfattande reduksjon i INON-område vil truleg vera langt større tap i framtida enn det ein kan vurdera i dag.

Kraftlinjetrasèen går på tvers av fleire andre store kraftlinjetrasèar i Leikanger, både eksisterande og planlagde, og går gjennom urørd landskap, med unike verdiar som natur- og friluftsområde.

Ei kraftlinje vil også redusere høvet til å få etablert eit nasjonalt lauvbrukssenter på Grinde, og tilhøyrande reiselivssatsing.

Tiltaket reduserar verdien av øvre del av Grindsdalen i særleg grad på grunn av linjeføring rett forbi dei tradisjonsrike stølsområda Stavsete og øvre Romedal. I tillegg vert det gamle særprega kulturlandskapet i nedre Grindsdalen mykje øydelagt kring transformator- og koplingsstasjonen og nedføring av linjer på Seljevollen.

Leikanger kommune har forståing for at Sognekraft AS primært søker om å få bygd kraftlinja gjennom Grindsdalen ut frå økonomiske og driftsmessige årsaker. Kommunen meiner difor at dei store naturmessige konsekvensane den omsøkte linjeføringa vil medføre, gjer at dei andre alternativa bør utgreiast, med sjøkabel ut Fjærlandsfjorden, kryssing over til Vetlefjorden eller leggjing av linja i jordkabel langs riksvegen i Bøyadalen til Jølster.

Dei miljømessige kostnadene er ikkje prissett, eller teke omsyn til ved kostnadsstipuleringane frå Sognekraft AS.

I K-sak 11/08 i samband med tilleggsutgreiinga gjorde kommunestyret dette vedtaket med 12 mot 5 røyster:

Leikanger kommunestyre går imot bygging av kraftlinja frå Fjærlandsfjorden til Grindsdalen.

Den unike villmarka vil verta totalt dominert og endra av kraftlinja. Verdien av dette området vil auka i framtida, og kan ikkje verta ofra på grunn av ein økonomisk gevinst frå ei avgrensa kraftutbygging.

Kulturlandskapet på Grinde-Grindsdalen er no med i sluttvurderinga for å få nasjonal status. Verdiane i kulturlandskapet let seg ikkje sameina med kraftlinja gjennom dalen. Kommunestyret kan ikkje sjå at tilleggsopplysningane omhandlar dette tema i det heile.

Kommunestyret meiner det bør arbeidast vidare med andre alternativ som ikkje går i Grindsdalen-området for å føra krafta ut frå Fjærlandsfjorden.

Rådmannen si vurdering:

Det er svært uheldig for det urørde, opne fjellandsskapet at dette linja vert bygd. Rådmannen meiner at omsynet til naturopplevingane er så viktig at det i dag ikkje bør givast konsesjon for dette linja. Teknologien kring kraftoverføring er under stadig utvikling og det vil vera eit stort feilgrep å byggja denne linja når ein i framtida kanskje kan føra krafta frå utbyggingane langs Fjærlandsfjorden fram til hovudnettet på anna måte. I staden for den konsesjongitte kraftlinja finn rådmannen det trass alt betre om linja vert lagt i jordkabel med dei naturinngrepa det medfører.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Krav om ny handsaming av sak nr. 20/2009 - Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 09/407

Arkiv: 040 &58

Sak nr.: Utval
39/09 Kommunestyret

Møtedato
24.09.2009

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek å oppretthalde sitt tidlegare vedtak i sak 20/09 og oversender saka til Fylkesmannen for handsaming i medhald av kommunelova § 59 nr 2.

DOKUMENT:

- Brev med tilmelding om "Krav om ny handsaming av sak nr 20/2009", dat 22.06.2009 – vedl
- Rådmannen – oppdragsbrev til KS advokat, dat 26.06.2009 – vedl
- KS advokatene – Vurdering av lovlegheitsklage samt innbyggjarinitiativ, dat 15.09.2009 - vedl

SAKSUTGREIING:

I etterkant av kommunestyret sitt møte 9 juni 2009 og handsaming av sak 20/09 "Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger" har fire representantar frå kommuestyret fremja krav om ny handsaming av saka. Kravet er grunngjevi med påstått sakshandsamingsfeil, og dersom kravet ikke blir teki til følgje er det bedt om at saka blir sett på som krav om lovlegheitskontroll i medhald av kommunelova § 59.

Med bakgrunn i at påstått "sakshandsamingsfeil" knyter seg til ordførar sin rolle i møteleiinga meiner rådmannen det var mest ryddig å få ein kvalifisert ekstern instans til å vurdere kravet. Rådmannen sendte ved brev av 26 juni 2009 saka til KS Advokatene som har gjort greie for sin gjennomgang og tilråding i brev dat 15 september 2009. Rådmannen syner til vedlagte vurdring frå KS Advokatene. Den er også har lagt denne til grunn for rådmannen sin tilråding.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Innbyggjarinitiativ - kommunelova §39

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 09/408

Arkiv: 040 S11

Sak nr.: Utval
40/09 Kommunestyret

Møtedato
24.09.2009

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek at kravet om folkeavrøysting blir avvist. Kommunestyret grunngjev vedtaket med at kravet gjeld konkret sak som kommunestyret handsama seinast 9 juni 2009 som ligg innanfor denne valperioden.

Kommunelova § 39 a regulerer at det ikkje kan gjennomførast folkeavrøysting på sak som har same innhald som ei sak kommunestyret har handsama i løpet av same valperiode.

DOKUMENT:

- ”Informasjonskomiteen for Systrondvassdraga”, brev dat 17 juni 2009 med oppmoding om innbyggjarinitiativ etter kommunelova § 39 a – vedl
- Advokatfirma Lund & CO, brev dat 18 juni 2009 med vurdering av kravet om innbyggjarinitiativ – vedl
- KS Advokatene, brev dat 15 september 2009 med vurdering av kravet om innbyggjarinitiativ – vedl (sak lovlegheitskontroll)

SAKSUTGREIING:

”Informasjonskomiteen for Systrondvassdraga” har den 17 juni 2009 sendt oppmoding om eit innbyggjarinitiativ etter kommunelova § 39 a. Brevet er underteikna av Idun A husabø, Lisbeth Dahle og Monica Åsen Gjerald. Initiativet er eit framlegg om at Leikanger kommune skal arrangere ei rådgevinge folkeavrøysting om den planlagde vasskraftutbygginga i Leikanger.

Saman med oppmodinga vart det levert ei ”underskriftliste” med 370 underskrifter som støttar kravet.

Rådmannen har innhenta to eksterne juridiske vurderingar av spørsmålet.

Både advokatfirma Lund & CO og KS Advokatene har konkludert med at vilkåra for å fremje sak om innbyggjarinitiativ etter kommunelova § 39 a ikkje er oppfylt.

Rådmannen syner til nemnde jurdiske konklusjonar og tilrår at kravet om folkeavrøysting blir avvist.